Vurdering om ny 22 kV produksjonslinje i Ytre Ålvik utløyser krav om konsekvensutgreiing

Prosjekt:	Bjølsgrø Nettanlegg - NiN-kartlegging og KU-vurdering	Prosjektnr.:	10252555
Kunde:	Statkraft Energi AS	Prosjektleder:	Alexander Stettin
Utarbeidd av:	Signe Vinje	Dato:	11.05.2026
Kontrollert av:	Alexander Stettin 13.05.2026	Godkjent av:	<Navn> <Dato>
Dokumentnr.:	<Nr.>	Rev.:	00

Revisjonshistorikk

Rev	Dato	Beskrivelse av endringen	Utarbeidet av	Kontrollert av	Godkjent av

Innleiing

Statkraft skal etablere ein ny 22 kV produksjonslinje i Ytre Ålvik i Kvam herad. Linja skal forsyne Statkraft sine eigne anlegg (luker i demning, tunnel, driftshytte og anleggsarbeid) ved Bjølsegrøv-vatnet. Dette notatet drøftar om luftstrekket i produksjonslinja (raud line i figur 1) utløyser krav om konsekvensutgreiing, i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing.

Om tiltaket

Behovet for energi

Statkraft rehabiliterer dammane i Bjølsegrø i Kvam herad. I samband med rehabiliteringa skal funksjonar på og ved demningen koplast på straumnettet. Prosjektet inneber mellom anna å bygge ny dam, etablering av driftshytte ved Bjølsegrø dam, forbetre tilkomstveg med ein tunnel under Naglaklepp, samt framføring av den aktuelle 22 kV straumlinje. Straumlinja skal førast i luftspenn (raud linje i figur 1) opp til Langhamrane, og vidare i tunnel fram til demningen.



Figur 1: Skisse over tiltak ved demningen. Linjene er grove og viser hovudprinsippet. Grøn line viser tunnellframføring. Raud line viser luftstrekk for ny straumline og som blir vurdert. Kjelde: Statkraft

Statkraft har fått nødvendige løyve til å sette i verk arbeid ved demning og tunneldriving. Dette anleggsarbeidet er i gang.

Framføringa av straumlinja krev konsesjon frå NVE i samsvar med energiloven §3-1, og det er i samband med konsesjonen at det er nødvendig å vurdere om det er krav om konsekvensutgreiing, og kva utgreiingar som er aktuelle.

Straumlinja mellom Langhamrane og Bjølsegrø (grøn linje i figur 1) skal etablerast som jordkabel inne i tunellen. To av nettstasjonane skal også etablerast inne i tunellen. Sidan tunnelarbeidet alt er i gang, er det vurdert at å etablere eit nettanlegg i tunnelen ikkje får konsekvensar for natur eller samfunn. Desse tiltaka blir derfor ikkje utgreiast vidare.

Denne utgreiinga tek derfor utgangspunkt i luftspennet (raud linje i figur 1) og nettstasjonen ved tunellinngangen ved Langhamrane.

Luftspennet

Nettstasjonane skal vere prefabrikkerte einingar og har eit arealbehov på 15 m^2.

Mastene er planlagt som enkeltbeinmaster i tre, med ein isolert hengekabel. Traseen vil krysse Damvegen fleire stader. Mastene vil ha ei høgde på 6 meter. Mastetraseen blir om lag 1.3 km lang og det vil bli rydda ei gate på 3 meter på kvar side av mastene. Totalt blir gata 6 m brei.



Figur 2: Trasé og plassering av master. Eksisterande skogsbilveg skimtast i bakgrunnskartet, og kryssar under masterekka fleire stader.

Alternativvurderingar

Følgjande alternative trasear for framføring av straum er vurdert, men forkasta:

- Jordkabel langs eksisterande veg opp til Langhamrane. Etablering av jordkabel er meir kostnadskrevjande enn luftspenn. Det vil også vere krevjande å kombinere arbeid med å legge jordkabel i ein veg som blir nytta til tung anleggstrafikk.
- Jordkabel frå Vikedal. Dette er ein meir krevjande trasé som vil krevje vesentleg større inngrep i natur.

Vurdering etter forskrift for konsekvensutdredninger

Korleis kraftlinja er omfatta av forskrifta

Tiltaket (kraftleidning) krev konsesjon etter energiloven. Omfanget av tiltaket avgjer om me finn det i vedlegg I eller II. Tiltaket når ikkje opp til grenseverdiane som er sett i vedlegg I punkt 20 (kraftleidningar med spenning på over132 kV og ei lengde over 50 km), men fell inn under vedlegg II punkt b2, «*kraftledninger som krever anleggskonsesjon*».

Det inneber at KU-forskriftas § 7 er relevant. Der står det at tiltak i vedlegg II som blir behandla etter energiloven alltid skal konsekvensutgreiast, men det er ikkje krav om melding.

Det er krav om konsekvensutgreiing utan melding

Skilnaden på konsekvensutgreiing og omtale av eit tema

Dette notatet vurderer kva utgreiingar som bør gjennomførast i samsvar med forskrift om KU-forskrifta. Ei konsekvensutgreiing skal sikre at dei som gjer vedtak i ei sak forstår kva verknader det aktuelle tiltaket har for miljø og samfunn. Det er krav om konsekvensutgreiing av alle tiltak som kan få vesentleg verknad

for miljø eller samfunn, men innhaldet og omfanget skal tilpassast den aktuelle saka/tiltaket. Kva som er definert *vesentleg* verknad, blir drøfta i kapittelet «utgreiingstema».

Dei temaa som er **relevante å konsekvensutgreie** er tema der konsekvensomfanget er ukjent. Det kan vere på grunn av manglande kunnskap om tilhøva på staden, eller at situasjonen er kjent, men at informasjonen ikkje er systematisert på ein måte som gjer at det er lett å forstå konsekvensane. Utgreiingane skal gjennomførast av fagpersonar etter anerkjent metodikk der dette finst.

Enkelte tema kan vere relevante for tiltaket, sjølv om dei ikkje har ein *vesentleg* verknad. Desse temaa må **omtalast i konsesjonssøknaden**. Dette er tema der ein meiner at konsekvensane er godt nok opplyst frå før. Konsesjonssøknaden må også oppsummere resultata av konsekvensutgreiingane.

Utgreiingstema

Kapittel 5 i KU-forskrifta viser krav til innhaldet i ei konsekvensutgreiing.

For å avklare kva innhald som er relevant for denne planen kan ein ta utgangspunkt i KU-forskriftas §21 «Beskrivelse av faktorer som kan bli påvirket av vesentlige virkninger for miljø og samfunn» og NVE sin digitale rettleiar for konsesjonssøknad til nettanlegg.

Naturmangfald og økosystemtenester, samt vassmiljø

Tiltaket inneber at vegetasjonen under og inntil 3 meter på kvar side av linjene blir hogd. Dette blir eit 6 meter breitt ryddebelte med byggeforbod.

I samband med reguleringsplan for Damvegen er det utarbeidd ei konsekvensutgreiing for naturmangfald (2010). I mars 2026 vurderte Biota om det eksisterande kunnskapsgrunnlaget for naturmangfald var tilstrekkeleg, og tilrådde ny naturtypekartlegging. Kunnskapsgrunnlaget for fugl var vurdert som tilstrekkeleg.

Området som kraftlina skal etablerast i ligg innanfor vassførekomsten *Indre Samlafjorden bekkefelt på nordsiden* (052-204-R). Det er eit større område som strekker seg frå Fykse til Kvanndal. Eit par bekkar ligg i nær tilknyting til traseen for mastene. Miljømåla for vassførekomsten er at økologisk og kjemisk tilstand minst skal vere *god*. Dette samsvarar med dagens økologisk tilstand, som også klassifisert som god. Den kjemiske tilstanden er ikkje klassifisert.

Kraftlina kjem ikkje til å påverke vassføringa i bekken eller bekkeløpa. Den største risikoen for tilstanden til vassførekomsten er forureining i anleggsfasen. Dette bør skildrast i konsesjonssøknaden og eventuelt i detaljplanen..

Sidan området ikkje er NiN-kartlagt er det heller ikkje kjent om tiltaket kan få vesentlege verknader for naturmiljø. Kunnskapsgrunnlaget bør oppdaterast med NiN-kartlegging som ligg til grunn for ei konsekvensutgreiing for naturmangfald i samsvar med miljødirektoratets håndbok M-1940. Nasjonale miljømål for naturmangfald vil sikrast med konsekvensutgreiinga.

Tiltaket kan føre til vesentlege verknader for naturmiljø, og må konsekvensutgreiast.

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ingen kartlagde kulturminne eller kulturmiljø i området i offentlege register. I samband med reguleringsplan for Damvegen blei det gjennomført arkeologiske registreringar og ei konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga viser til at delar av vegtraseen kryssar stiar og eldre ferdselsvegar. Kulturverdiane blir vurdert å «ikkje vere særskild store». Kraftlina vil krysse desse stiane og ferdselsvegane og såleis kunne påverke kulturverdien. Sjølve vegfara blir i liten grad påverka, sidan det berre er stolpane som står på bakken. Sidan ferdselsvegane som kulturminne alt er påverka av Damvegen, så blir det vurdert at den påverkinga som kraftlina fører til ikkje er naudsynt å utgreie vidare.

Ingen nasjonale miljømål for kulturminne blir påverka

Tiltaket fører ikkje til vesentlege verknader for kulturminne og kulturmiljø, og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Friluftsliv

Området er viktig for friluftsliv. Damvegen blei etablert for å erstatte stenginga av trallebanen, som tidlegare hadde frakta arbeidarar og utstyr frå Ålvik og opp i fjellet. No blir i staden Damvegen nytta som tilkomstveg til turterreng i fjella nord for Ålvik. Det er etablert ein parkeringsplass på toppen av Damvegen, med enkel tilrettelegging som skilt og gapahuk. Vegen og området mellom Dammen – Naglaklepp – Toppen er kartlagt som eit viktig friluftsområde.



Figur 4: Viktig friluftsområdet Dammen-Naglaklepp-Toppen. Kraftlina er vist langs tilkomstvegen. Kjelde: Naturbase



Figur 3: Ved toppen av kraftlina skal kabelen leggast i bakken, tett ved gapahuken, fram til nettstasjonen. Kjelde: Trasekart 22 kV-ledning, Statkraft

Langs Damvegen gjeng det stiar og ferdselsfar som framleis blir brukt til friluftsliv. Sjølve Damvegen blir også nytta til turgåing. Dette ser ein mellom anna på Strava heatmap og andre nettsider om turruter, som wikiloc.com.

I botnen av den planlagde kraftlina ligg ein ljosløypetrasé. Denne ljosløypa kjem verken opp i kartdata over tur og friluftsruter, livekart som viser status på prepareerte løyper (sporet.no, loyper.net) eller på Kvam herad sine informasjonssider om prepareerte skiløyper. Det blir derfor tolka som at ljosløypa ikkje er i bruk.

Kraftlina som skal etablerast vil i størst grad påverke det friluftslivet som skjer nærast sjølve traseen – altså turgåing langs Damvegen eller langs stiane som Damvegen kryssar. Lina vil vere relativt lite synleg frå parkeringsplassen ved Langhamrane fordi traseen endar lågare i terrenget. For dei høgareliggande turområda vil påverknaden vere minimal.

I anleggsperioden vil truleg Damvegen måtte stengast for tredjepart. Det betyr at turgåarar ikkje kan nytte Damvegen som tilkomstveg til friluftsområdet. Sidan kraftlina skal etablerast samstundes med anleggsarbeidet til dam- og tunnelarbeidet pågår, vil den samla belastninga for turgåarar i liten grad bli påverka. Konsesjonssøknaden og/eller detaljplanen må skildre avbøtande eller skadereduserande tiltak, som at vegstenging skal varslast i forkant, og at det skal skiltast ved avkøyringa frå Ålvikvegen.

Tiltaket fører ikkje til vesentlege verknader for friluftsliv og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing. Den største konsekvensen vil vere dersom stiane og vegfara utanfor Damvegen ikkje kan nyttast på grunn av plasseringa av nye master, og at Damvegen blir stengt i periodar. Dette bør nemnast i konsesjonssøknaden, og eventuelt følgjast opp i detaljplan for anlegget.

Landskap

Kraftlina strekker seg gjennom to definerte landskapstypar (NiN). Størstedelen av traseen, som er under tregrensa, ligg innanfor eit fjordlandskap der dalforma er relativt open, og der menneskeleg aktivitet (grender, bygningar, vegar og infrastruktur) også er ein del av landskapet. Den øvre delen av traseen ligg i landskapstypen «kuppert fjellanskap med bart fjell/blokkmark» som er kjenneteikna av mindre inngrep, men der ein også kan finne enkelte inngrep som vegar og kraftleidningar.

Området ligg på ein terrengrygg som munnar ut i eit nes mellom Ytre Ålvik og Ålvik. Mesteparten av området er vegetert med lauvskog og enkelte område med granplantefelt .Skoggrensa ligg på om lag 550-600 meter over havet. Så å seie heile traseen ligg innanfor skogbeltet, men dei siste 100 høgdemetrane er prega av lågare vegetasjon i overgangssona mot snaufjell.



Figur 5: Omtrenleg plassering av kraftlinja (blå strek) i landskapet. Kjelde: Kilde.nibio.no, 3D-visning.

Området som kraftlina går i er frå før påverka av Damvegen. Kraftlina er lagt så tett på Damvegen som mogleg for å redusere inngrepet av natur og landskap. På grunn av vegetasjon og terreng er ikkje Damvegen synleg frå Fv.79, verken frå Ålvik i aust eller Ytre Ålvik i vest. Dei 6 meter høge mastene vil vere synlegare enn vegen, men terreng og vegetasjon vil i stor grad også skjerme desse linja. Sjølve linjetraseen vil vere synleg frå sjøen.

Tiltaket fører ikkje til vesentlege verknader for landskap, og treng ikkje konsekvensutgreiast. Sjølv om kraftlina og ryddebeltet vil vere synleg, så fører det ikkje til vesentlege brot med det opphavlege landskapet. Omsynet til landskap bør omtalast i konsesjonssøknaden og eventuelt følgjast opp i detaljplan for energianlegg.

Forureining

Området er ligg ikkje i tilknyting til eksisterande eller tidlegare ureining og den nye kraftlinje fører heller ikkje til endringar i forureiningssituasjonen. Det blir lagt til grunn at mastene er behandla med godkjente overflatebehandling. Det er relativt låg risiko for ureining i anleggsfasen – noko som er regulert etter forurensningsloven og avfallsforskriften.

Tiltaket får ikkje vesentleg verknad for forureining og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Klimagassutslepp

Når tiltaket (kraftlina) er i bruk vil ho kunne erstatte utslepp frå fossilt drivstoff. Straumen vil i hovudsak vere produsert av fornybar vasskraft, men sidan Noreg er kopla på det Europeiske kraftmarknaden, vil

straumen også kunne vere ein miks. Klimagassutslepp bli redusert ved å erstatte aggregat og annan bruk av fossilt drivstoff med straum.

Kjelder til klimagassutslepp vil vere knytt til

- Anleggsarbeid (fossilt drivstoff til helikopter og annan transport),
- Produksjon og transport av master og leidningar
- Avvirking av skog i gata langs kraftlinene. Sidan vegetasjonen under kraftlina kan vekse opp att som eit lågre sjikt, vil effekten av avvirkinga vere relativt låg samanlikna med andre arealbruksendringar.

Miljødirektoratet meiner at det er viktigast å utgreie klimaeffektane av dei utbyggingane som ein kan forvente at har størst utslepp pr. arealeining. Utgreiing av klimagassutslepp er særleg aktuelt for tiltak som omfattar anlegg eller utbygging som til dømes fører til stor trafikkvekst, utslepp frå fossile brensel, stort materialbruk eller føre til arealbruksendringar – særleg av areal med myr eller høg bonitet. Sidan tiltaket i seg sjølv kan føre til ein reduksjon i klimagassutslepp, og det ikkje blir lagt opp til langsiktig omdisponering av grøne areal, blir det vurdert at klimagassutslepp ikkje blir vesentleg påverka.

Tiltaket får ikkje vesentleg verknad for klimagassutslepp, og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Landbruksdrift

Det er ikkje registrert jordbruksareal, dyrkbar jord eller innmarksbeite innanfor området. Innanfor området er det ikkje registrert beitelag, men tiltakshavar melder at sau og lam sporadisk er sett i området. Dette kan vere frå gardar som ikkje har tilknyting til eit beitelag, eller det kan vere streifbeiting frå beitelaga Fyksesund Aust (vest for Bjølsegrøvvatnet) eller Kvitli og Bordalen beitelag aust for Ålvik). Ei ny kraftlinje vil ikkje endre eventuelle beitedyrs bruk av området, bortsett frå i anleggsfasen.

Hengekabelen vil gå gjennom plantefelt av gran og annan lauvskog i rettigheitsbeltet må fellast. Dette må avtalast direkte med grunneigarane.

Hardanger og Voss Reinsdyrlag forvaltar ei reinsdyrstamme som tamrein. Kraftlina vil ligge i ytterkant av arealet som reinsdyra disponerer. Reinsdyra held seg i hovudsak oppe på fjellet, og det er i følgje tiltakshavar ikkje observert reinsdyr i liene ned mot Ålvik. Sidan kraftlina ligg tett på den eksisterande Damvegen er lite truleg at det vil påverke reinsdyras leveområde, sjølv om enkeltdyr likevel skulle trekke ned frå fjellet.

Tiltaket får ikkje vesentleg verknad for jordressursar eller landbruksdrift, og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.



Viktige mineralressursar

I følgje Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) er området prega av bart fjell med stadvis tynt dekke. Berggrunnen er kartlagt som granittisk gneis. Det er ikkje registrerte grus- eller pukkressursar innanfor området.

Tiltaket får ikkje vesentlege verknader for mineralressursar, og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar

Kraftlinja som blir planlagt er ei løysing for å sikre straumforsyning til Statkraft sine installasjonar og til anleggsarbeidet med den nye demningen og tunnelen. Lina skal berre forsyne tiltak knytt til Statkraft si verksemd. Statkraft har tilknytingsavtale med Hardingnett om 5,5 kV i første omgang.

Utover anleggsarbeidet vil ikkje kraftlina i seg sjølv generere eit endra transportbehov.

Ved Langhamrane er det sett av ein helikopterlandingsplass. Sidan me ikkje har nøyaktig lokalisering av nettstasjonen, er det ukjent om det er konflikt mellom helikopterlandingsplassen og kraftlinjene. Kollisjon med kraftlinjer ved letting og landing er svært risikabelt for helikopter. Dette må dokumenterast. Det er ikkje nødvendig å utføre ei eiga konsekvensutgreiing om temaet, men risikoen må skildrast i konsesjonssøknaden.

Utover uavklarte forhold knytt til kraftlina og helikopterlandingsplassen, er kraftlinja lokalisert unna offentlege vegar og annan transportinfrastruktur.

Tiltaket kan få vesentlege verknader for helikopterlanding. Løysingar må avklarast og dersom løysingane ikkje fører til tilstrekkeleg redusert risiko så må temaet konsekvensutgreiast. Løysingar må skildrast i konsesjonssøknaden og eventuelt detaljplan for anlegget.

Beredskap og ulykkesrisiko

Høgspentliner er definert som kritisk infrastruktur, og den aktuelle høgspentlina skal forsyne Statkraft sitt anlegg ved Bjølsegrøvvatnet, som også er kritisk infrastruktur. Dersom straumforsyninga skulle falle ut, så vil likevel ingen kritiske funksjonar bli råka. I hovudsak vil tilkomsttunnelen inn til demningen miste energiforsyninga, og Statkraft vil ikkje kunne regulere damluka i demningen. Dersom demningen blir for full vil vatn gå i overløp. Dette er ikkje kritiske funksjonar i Statkraft sin energiproduksjon.

Ulykkesrisiko knytt til ferdsel med helikopter er vurdert over.

Tiltaket får ikkje vesentlege verknader for beredskap eller ulykkesrisiko, og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Naturhendingar som flaum og skred (og vind)

I følgje NVE atlas ligg området innanfor følgjande aktsemdsområde

- Snøskred
- Jord- og flaumskred
- Flaum

Området ligg over marin grense og er ikkje utsett for risiko for kvikkleire.



Figur 6: Kraftlinjetraseen og stolpepunkt kryssar aktsemdsområde for flaum og jord- og flaumskred. Aktsemdsområde for snøskred dekker nesten heile traseen, men kjem ikkje fram på kartet. Kjelde: NVE Atlas

Vurderingar av naturhendingar er gjort i ein tidlegare konsesjonssøknad og i samband med reguleringsplan for Damvegen, mellom anna skredrapport frå NGI i 2008 og vurdering av klimalaster (Kjeller vindteknikk 2024).

NGI sin skredrapport frå 2008 analyserer sannsynet for skred langs veglina, men ikkje for terrenget rundt. Det gjev eit bilde på at det er risiko for skred i området. Rapporten følgjer ikkje dagens metodikk for faresonekartlegging, og kan ikkje nyttast til å fastslå verken sannsynsintervall eller sikringstiltak.

Tiltaket kan få vesentlege verknader av skred (snøskred og jord- og flaumskred) og flaum og må utgreiast. Det bør gjennomførast nye kartleggingar av skred og flaum, som samsvarer med dagens metodikk for skred- og flaumsonekartlegging. NVE rettleier om dette på sine rettleiingssider for anleggskonsesjon.

Innbyggarane si helse og helsas fordeling i befolkninga

Den nye kraftlinja har liten eller ingen påverknad på helsas fordeling i befolkinga. Med unntak av mogleg stenging av Damvegen i anleggsperioden hindrar ikkje kraftleidningen folks bruk av Damvegen eller turområda rundt.

Tiltaket genererer ikkje støy som verkar sjenerande for utøvinga av turområde

Elektromagnetisk stråling frå kraftlinja når ikkje bygningar med varig hopphald. I følgje direktoratet for strålevern og atomsikkerheit kan verdiane under dei kraftigaste straumlinjene i Noreg kome opp i 15-20 mikrotesla (μT). Dette er langt under grenseverdien for magnetfelt som er 200 μT. Eventuell bruk av turvegen utgjer derfor ikkje ein strålingsrisiko.

Tiltaket får ikkje vesentleg verknad for helsa til innbyggarar og utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Tema som ikkje er relevante

Følgjande tema er nemnt i KU-forskriftas § 21, men er vurdert til å ikkje vere relevante for kraftlinja:

- Arkitektonisk og estetisk utforming, utrykk og kvalitet (blir dekt av temaet landskap)
- Barn og unges interesser (blir dekt av temaet friluftsliv)
- Tilgang til uteområde og gang- og sykkelvegnett (blir dekt under temaet friluftsliv)

- Samisk natur- og kulturgrunnlag (Hardanger er ikkje eit område der det har vore samisk busetting eller aktivitet)
- Kriminalitetsførebygging (ligg i utmark der kriminalitet ikkje er ei utfordring)
- Reiseliv (området er utgjer ikkje eit sentralt reisemål, utover som utsiktspunkt og for friluftsliv. Temaet blir tilstrekkeleg omtalt under friluftsliv.)
- Fiskeri, havbruk og skipsfart (området er ikkje eit sjøområde og tiltaket kan ikkje påverke navigasjon)

Samla verknader

I følgje KU-forskriftas §21 skal samla verknader skildrast. Dette kan skildrast i konsesjonssøknaden eller som eit eige dokument. Dei samla verknadene skal vurderast opp mot gjennomførte, vedtekne eller godkjente planar eller tiltak i influensområdet.

Oppsummering og konklusjon

Det er krav om konsekvensutgreiing utan melding. Dette er heimla i KU forskriftas § 7, der det står at tiltak i vedlegg II som blir handsama etter energilova alltid skal konsekvensutgreiast. Tiltaket, som er 22 kV kraftlinje med nettstasjon, finn vi i vedlegg II punkt b2).

For finne ut korleis tiltaket kan ha vesentleg verknad for miljø og samfunn, har notatet tatt utgangspunkt i ei liste med tema i KU-forskriftas § 21. Gjennomgangen av dei ulike temaa viser at følgjande tema kan få konsekvensar for natur eller samfunn og må konsekvensutgreiast:

- Naturmangfald
- Naturhendingar som flaum og skred

I tillegg må det avklarast om kraftlina utgjer ein risiko for helikoptertrafikk.

Dei andre temaa er relevante og bør omtalast i konsesjonssøknaden og detaljplanen (dersom det blir krav om detaljplan). Særleg bør temaa friluftsliv og landskap skildrast godt og tiltak bør definerast.

Kjelder

Lovverk

- LOV-1990-06-29-50 Lov om produksjon, omforming, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven)
- LOV-1981-03-13-6 Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- FOR-2017-06-21-854 Forskrift om konsekvensutredninger
- FOR-2006-12-15-1446 Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskriften)
- FOR-2004-06-01-930 Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrfiten)

Kart og databasar

- Naturbase.no (Miljødirektoratet)
- NVE Atlas (NVE)
- Kilden.no (NIBIO)
- Vann-nett.no
- Strava.com/maps/global-heatmap
- Loyper.net
- Sporet.no
- Wikiloc.com
- NGU kart (Kartlaga «Kart over geologien i min kommune» «Kart over minalressurser – industrimetaller, metaller og naturstein" og «Kart over grus og pukk»)

Rettleiarar

- M1941 Konsekvensutredning av klima og miljø, Miljødirektoratet
- Konsesjonssøknad nettanlegg, digital rettleiar, NVE, seinst endra 02.09.25
- Detaljplan for energianlegg, digital rettleiar, NVE, seinst endra 13.03.26
- Utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng – utredning av skredfare i reguleringsplan og byggesak, digital rettleiar, NVE, seinst endra 14.04.2026.
- Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutredes? Vurdering etter §10 i forskrift om konsekvensutredninger, kommentarutgave, kommunal- og moderniseringsdepartementet, 29.06.2017

Andre skriftlege kjelder:

- Biota naturkompetanse (2026): Vurdering av kunnskapsgrunnlag for naturmangfold – ny 22 kV produksjonslinje i Ytre Ålvik, notat
- Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (DSA): Straum og høgspent, lest 08.05.26
- Driftsplan for Hardanger og Voss reinsdyrlag (2022/2023)
- Kjeller vindteknikk (2024): Klimalaster for 22 kV kraftledning, rapport KVT/2024/R167/JMS
- Kvam Herad: Reguleringsplan for Damvegen del av gnr. 76, bnr. 1 og 2 og del av gnr. 73, 75 og 77 - Planomtale og konsekvensutgreiing, planID 123820090008, datert 20.12.2011.
- Miljødirektoratet: Klimagassutslipp fra arealbruksendringer – Kriterier og
- terskelverdier for konsekvensutredninger og mulig innslags-
- punkt for innsigelse – Miljødirektoratets vurderinger, brev datert 29.06.2020
- Miljøstatus.no: Norges klima- og miljømål, Miljødirektoratet (lest 06.05.26)
- Naturbase.no: Kartlagt friluftsområde Dammen – Naglaklepp – Toppen, faktaark (2017). Lest 06.05.2026
- NGI (2008): Vurdering av fare for skred langs skogsbilveg (teknisk notat).
- Statkraft: Ny 22 kV produksjonslinje i Ytre Ålvik - Søknad om anleggskonsesjon
- Statsforvalteren i Trøndelag – reindriftsavdelingen (2024): Hardanger og Voss Reindyrlag